



Martin Øren
Torvvegen 36
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/8771 - 23/1082

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
04.01.2023

Ferdigattest - gbnr 324/113 Langeland

Administrativt vedtak: Saknr: 018/23
Tiltakshavar: Martin Øren
Ansvarleg søkjar: Martin Øren
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for samanføyning av brukseiningar, samt etablering av trapp, på gbnr 324/113.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset.

Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 03.06.2022. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad om ferdigattest motteken 05.12.2022 og supplert 04.01.2023.

Skildring

Adresse:	Torvvegen 36
Bygningstiltak:	Samanføyning av brukseiningar og etablering av trapp
Bygningsnummer:	300246201
Bruksareal:	uendra
Avlaup:	uendra

Vatn:	uendra
Tal på røykløp:	

Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følger av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/8771

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Martin Øren	Torvvegen 36	5919	FREKHAUG
Martin Øren	Torvvegen 36	5919	FREKHAUG
Sigrid Ruud	Torvvegen 36	5919	FREKHAUG